

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Dei tillitsvalde (2 frå UNIO, LO, YS og Akademikarane) sette fram slik protokollmerknad:

1. «Administrasjonsutvalet merker seg at forslaget til budsjett legg opp til kutt i essensielle driftsoppgåver, noko som mellom anna vil svekke tilbodet til elevar og lærlingar.
2. Administrasjonsutvalet vil peike på at dei økonomiske driftsrammene for einingane som yter tenester direkte til innbyggjarane, og då særleg driftsrammene for dei vidaregåande skulane, er svært knappe. Ytterlegare reduserte driftsrammer vil svekke både omfang og kvalitet i tilbodet. Administrasjonsutvalet viser til uttalen frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og vil understreke at ein vesentleg del av salderingsbehovet i opplæringssektoren er knytt til ei ønska og ønskeleg utvikling der fleire ungdommar vel yrkesfaglege utdanningar. Det er ikkje rimeleg at denne positive utviklinga skal medføre innsparingar andre stader i sektoren - og særleg ikkje i rammene for drift av dei vidaregåande skulane.
3. Administrasjonsutvalet forventar at eventuelle auka økonomiske rammer fylkeskommunen får gjennom statsbudsjettet blir sett inn i drifta der det tidlegare er gjort kutt, og at midlar til drift av og opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane blir prioritert framfor ny satsingar.»

Avrøysting

Det vart ikkje røysta over den framsette protokollmerknaden.
Innstillinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke

Vedtak

Administrasjonsutvalet tek arbeidsdokument 3/21 og finansutvalet sine prosessvedtak knytt til handsaminga av arbeidsdokumentet til orientering.